

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 49	Utkommer hver måned	Oktober 1934	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	5. årg.
--------	---------------------	--------------	--	---------

Bønn.

Allmektige barmhjertige Gud, vi ber dig av hele vårt hjerte, at du vil styrke vår tro, så at vi lever i lydighet mot dig og således når frem til troens ende, som er sjelens salighet. For Jesu Kristi din sønns skyld. Amen.

Kirken.

Der stander et hus i vårt høie nord,
innviet Gud Faders enbårne;
der springer en kilde, der dekkes et bord,
der kimes til høitid fra tårne.
Og der har det standet fra år til år,
av skiftende stormer omsuset;
skjønt ofte det fristet full låke kår,
det styrtet dog ikke i gruset.

Dit styrte den gjæveste drott sin gang,
der knelte den stålklædde kjempe,
og lærte ved messe ogottesang
den stolteste vrede å dempe.
Der sukket vår far med glødende barm,
når klokkerne rørte sin stemme;
der felte vår mor en tåre varm,
som ei hennes sønner skal glemme.

Der hentet de bot for de tungeste savn
og styrke til vandringens møie;
der fanget de freden i Jesu navn,
før mødig de lukket sitt øie.
Den gang vi som små blev vugget på skjød,
Gud Fader oss der satte stevne,
og der de rislende vanne lød,
det ord som gir hvad det nevner.

Og der kan det vokse, det himmelske frø,
og trives som vannbakkens pile;
ja der vil jeg leve og der vil jeg dø
og derfra så ringes til hvile.

Enn kvedes der søtt ved dets alter i kor
til pris for Gud Faders enbårne;
enn risler den kilde, enn dekkes det bord,
enn kimes der mildt ifrå tårne.

Anders Reitan.

Ei stor glede.

Engelen sa til hyrdingane: Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk um ei stor glede som skal timast alt folket: Idag er det fødd dykk ein frelsar.

Ein frelsar, det er det som denne lidande verdi treng. Var det ikkje komen ein frelsar, so vilde alle framsteg vera nyttelause, og alt fagert og godt, som vi gled oss over, gå under. Alt menneskeliv vil enda i øydeleggjing, ifall ikkje ein frelsar vil lækja sjukdomane i livsgrunnlaget og reisa ætti upp til nytt liv.

Sjå berre kor det ser ut i verdi! Ein ende-laus strid alle stader. Dei riv ned og bryt sund og øydelegg for kvarandre, både i krig og i fredstider. Dei fælaste lastar herjar tvert igjennom alle land, ja ikkje minst i mange land som kallast kristne. Gamle folkesynder held fram og vert verna um. Sant og visst er her ikkje mykje å gleda seg over, dersom her ikkje var komen ein Frelsar!

Men dette er den store gleda!

Midt i synd og sorg og sjukdom og død er her ein Frelsar! Han vil koma inn til oss og lækja oss. Han vil ta burt og tilgjeva alle synder og lækja alle hjartesår. Han vil gjeva hug og dug til å leva eit nytt liv i kjærleik og rettferd og sanning, so som det sømer seg for menneskje som er skapt i Guds bilæte. Til han skal vi gå med all vår sorg og strid. Då får vi livsmod og kraft. Då får vi den rette medkjensle med

alle dei som lid og har det vondt ikring oss. Då kan vi ikkje anna enn strida mot alt som vil skjemma og skada våre brør og systre. Frelsaren elsker dei alle. Han er komen til alle. Han har hjelp for alle, og ein evig heim der han so gjerne vilde sankt alle. Det er den store gleda som skal timast alt folket. Her er framtid og von for oss, so visst som vi tek imot Frelsaren. Her er evigt liv og sæle som ventar på kvar og ein som vil halda seg til Gud i glede og i sorg.

Takk, Herre og Gud, fordi du har sendt oss ein Frelsar. Amen.

Etter biskop Støylen.

Vidnesbyrd om kristendommen.

1. *Arthur Henderson*, føreren for det engelske arbeiderparti, uttalte for en tid siden: »Vi har ingen bruk for en ny religion, vi trenger å tilegne oss den gamle. Folkets masse må gjøre Jesu lære til sin livsregel. Jo snarere det skjer, desto snarere vil dens tilstand og hele dens sociale ordning bli bedre. Uten dette vil arbeiderverdenen aldri bli hjulpet. Ved hat mot religionen vil den bare skade sig selv.« — Og i en søndagsavis skrev han: »Man må innrømme at de forhold som folkets store masser lever i, ikke er som de kunde være, og at de endnu er fjernt fra det som de efter Guds vilje skulde være. Mange i folket er også på det rene med dette. Men nu er der fare for at folket følger en politikk som gjør dets tilstand verre. For å undgå denne fare må den enkelte søke personlig forbindelse med Jesus. Han vil da få oppleve, at livets strid blir meget lettere. Han vil få erfare at livets ensformighet og det hårde arbeid som somme tider kan føles så tyngende nettop kan være nyttig for karakterdannelsen. — Min egen virksomhet som arbeider i et jernstøperi var den beste »universitetsutdanning« som jeg kunde få. Ved dette vanskelige arbeid har jeg lært usigelig meget. Men bare av den grunn, at jeg for 26 år siden gav mig helt over til Jesus Kristus. Det er min inderligste overbevisning at jeg bare kunde innta de betrodde stillinger man har gitt mig og gjøre nytte i dem, fordi jeg ubetinget har gitt mig til Ham og fordi jeg

bestandig har forsøkt å sette Hans lære ut i livet. Folkets valgsprog må *ikke* bli: »Bort med Jesus!«, men »Hen til Jesus!« Da vil man ikke hate kirken, men hjelpe den, for at den stadig kan utøve en mere velgjørende innflytelse.«

2. *Statsminister Gunnar Knudsen* skrev kort før sin død: Kjære unge venner. Motta nogen råd av en gammel mann som står ved avslutningen av sitt liv, og hvis ord må betraktes som resultat av livets mange erfaringer. Det første jeg da vil si til dere er: Å eie evner og begavelse er en god ting og vil hjelpe en fremover i kampen for tilværelsen, men det er ikke det viktigste. Å ha nogen kunnskap er også godt og vil lette en i livets mange prøver, men det er heller ikke det viktigste. Å eie arbeidslyst og energi er også goder som vil bli til stor nytte, men ikke det viktigste. Hvad er så det viktigste, vil man spørre? Det viktigste er karakterdannelsen. Og den får vi gjennom en grundig selvkontroll, men lettest og fullkomnest gjennom varm kristentro.

3. *Rikspresident von Hindenburg* uttalte: »Jeg har ikke gjort noget annet enn å bruke de gaver Gud har gitt mig, og det var min plikt. Å love og prise er bare Guds nåde. Fremfor alt har jeg lært den guddommelige nåde og barmhjertighet å kjenne på mig. Ham være ære i evighet. Rette snorene for mitt liv og arbeid var ikke verdens bifall, men min egen overbevisning, plikten og samvittigheten.« Hans yndlingsord var disse i den 62. salme: Alene i håp til Gud er min sjel stille; fra ham kommer min hjelp.

4. *Presidenten i Tsjekoslovakia, Masaryk*, sier: Hvem kan hjelpe menneskene? Ikke en politiker, ikke en statsøkonom, ikke en sosialist, ikke en lærer. Jesus Kristus er over politikken. Det han krever er en fullkommen karakter og utdypelse av føleleslivet — han vil at folk skal bli gode, for bare når de lever med Gud for å bli lik ham, får deres sjel sine krav tilfredsstillet.



Våre døde.

15. august: Helga Olsbø, dotter til Peder P. Olsbø; f. 1920; tuberkulose.

1. sept.: Andreas Vambeset, son til Ingolf L.

Vambeset, Hessevik; f. 1934; medfødd veikskap.

11. sept.: Elise Monsdr. Kroken, ugift; f. 1881; døydde på Florø sjukehus.

**Den som har Sonen, han har livet;
den som ikkje har Sonen, han har
ikkje livet.** 1. Joh. 5, 12.

Fra Claus Frimanns salmer.

Maria bebudelsesdag.

(Mel.: Av høiheten oprunden).

Hvor frydefullt det budskap som
til syndere fra himlen kom!

Hvor glade vi det høre.

Så underfull en salighet
selv han, det bud som sendtes ned
henrykkes ved å høre.

Hvor må ei da
vi oss høie for det høie nådens under
hvorpå sig vår frelse grunner.

Held dig, o du benådede
som nåden selv så kronede,
du saligste blandt kvinner!
Å bære selv Guds egen sønn,
opreiseren for Adams kjønn
og dødens overvinner!
Hvad makt, hvad prakt
kunde være mot den ære verd å lignes?
Kunde støvet mer velsignes?

Men du min sjel, nedbøi dig du,
tilbed og glad i troen sku
det dyp av saligheter
som åpnes og opvelder her
for mig, mig synder, og enhver
til alle evigheter.
Utbryt med fryd
sjel og tunge, lov å sjunge ham som livet
oss i kvinnens sed har givet.

Gudstenesta.

4. Presteklædi.

Fyrr presten går fram for altaret vert han i sakristiet iført messeklædi. Det er den kvite messeskjorta som han tek på utanpå prestekjolen. På dei store høgtidsdagane og ved altargang dessutan den raude messehakelen.

Kvifor brukar vi desse serskilde preste-klædi? Der er fleire grunnar.

For det fyrste tenar desse serlege klæde til liksom å lyfta gudstenesta ut or det vanlege, det kvardagslege. Ordet »heilag« tyder i grunnen: »det som er utskilt frå det jordiske eller vanlege«. Difor er det rett, at gudstenesta, denne heilage handling, skil seg ut frå andre, verdslege samkomer og

i mange ting er onnorleis enn dei. Til dette medverkar og messeklædi. — Dertil kjem den historiske grunnen. Like frå den fyrste kristne tid har prestane bruka ein bunad som liknar desse presteklædi våre. Dei heng saman med den romerske høgtidsklædnad. Ogso jødane brukte slike vide og side kjolar og kåper. På den måten vert det ein ytre samanheng i ordningi av gudstenesta til alle tider. Det er eit uttrykk for, at alle kristne i desse 1900 år er eitt og høyrer saman i den eine heilage og ålmenne kyrkja. Der er ein tradisjon i dette. — Og endeleg, so er det jo vakkert og festleg med denne serlege klædnad og dei kvite og raude fargane. Når ein sit i ei vakker kyrkje medan presten står for altaret i den kvite messeskjorta og den raude messehakelen med gullkrossen, og ljosi tende, so vil ein tykkja, at det tek seg vent ut og er høgtidssamt og stemningsfullt, dersom ein då i det heile har sans for slikt.

Det finst dei som mislikar dette med messebunaden. Men her må vi jo hugså på, at sjølve tingen er godkjend i Guds ord, i det Gamle Testamente. Der er nøgne fyresegner um den særlege klædnad som øvstepresten og prestane i Israel skulde ha. Det er dei same tankar og prinsipp som ligg til grunn for vår ordning. Vilde det vera til Guds ære um ein gjorde alt i gudstenesta so grått og kvardagsleg som mogeleg? Kvifor skulde ein bryta med den gamle tradisjonen som har levt i kyrkja i so lang tid? Soleis har den lutherske kyrkjeavdeling tenkt og held fast på det gamle i alle desse ytre ting.

Notisar.

Visitasen i Davik vart vellukka. Veret var sers godt og frammøtet til gudstenestene svært bra. Tysdag 11. september kl. 11 var det gudsteneste i Rugsund, der prosten byrja, hjelpepresten preika og biskopen tala. Kl. 4 var det aftensong på Totland med intimasjon av soknepresten, preik av prosten og tale av biskopen; biskopen hadde gått med på å halda denne gudstenesta etterat kyrkjesongaren på folket sine vegner hadde bede um det. Onsdag var det so gudsteneste i Aalfot, der soknepresten preika og biskopen tala. Torsdag kom barnegudstenesta i Davik ved prosten og biskopen; der var ikring 250 born og venteleg over 800 menneskje. Etter barnegudstenesta var det lærar- og foreldremøte. Fredag var det visitasgudsteneste; hjelpepresten byrja, biskopen preika

og samtala med dei unge ilag med soknepresten, prosten slutta. Og so vart visitasen avslutta med visitasmøte. — Der er visst berre ei meining um vår nye biskop. Han vann for seg alle som fekk høve til å tala med han, ved sitt elskverdige og venesæle vesen. Han let sers vel over borni og ungdomen, og seier i eit brev no etterpå at »dei var gløggare og kvikkare enn vanleg«.

Det var berre ein ting som eg, og sikkert mange med meg, tykte var leidt. Det var det som biskopen på visitasmøtet sa um kyrkjebyggjngi i Kjølssdal. Det kunde takast so at han nærmast rådde ifrå dette arbeidet. Eg er viss på at det ikkje verkeleg var meiningi. Eg tvilar ikkje det minste på, at når den tidi kjem, vil han gjeva saki all den studnad som han kan. Ein bør berre halda fram med same ihug som hittil med dette arbeid. Eg reknar det for noko av det viktigaste, kyrkjeleg sett, som vi har fyre oss her i prestegjeldet.

Basar: Husevåg gjenteforeining 7. april til redningssaki 70 kr.

Ofringar til Santalmisjonen 19. august: Totland v. sekretær Hodne kr. 46.05. Rugsund v. pastor Nerhus 33.43; Davik v. pastor Grimeland 37 kr.

Til kristelegt arbeid o. l. kom i 1933 inn i Davik etter dei meldingar som eg fekk frå krinsane til visitasen: Heidningmisjonen 2600 kr., indremisjonen 1350, Kina-misjonen 710, sjømannsmisjonen 1100, Santalmisjonen 390, indre sjømannsmisjon 205, umstreifarmisjonen 140, fimmemisjonen 285, ungdomsforbundet 50, kyrkje i Kjølssdal 970, orgel i Davik 965. Tilsaman 8765. Hertil kjem ofringar i kyrkjene kr. 772.74.

Rugsund soknestyre har vedteke at der skal byggjast stopul på gravstaden i Berle og har løyvt 1000 kr. til dette. Samstundes skal kyrkjegarden utvidast. Vonleg vil arbeidet kunne vera ferdig til våren, og den kyrkjeklokka som var kjøpt for 2 år sidan vil ein då få ta i bruk.

Ektevigde: 9. sept. i Vestby: Alf Andersson Skarstein og Dina Isane.

Gudstenester og sundagspreiker.

21. sund. etter treein., 21. okt.: Krinsane i Få-tjorden.

22. sund. etter treein., 28. okt.: Davik.

Bededag, 2. nov.: Aalfot og Kjølssdal.

Helgemesse sund., 4. nov.: Rugsund og Levdal.

24. sund. etter treein., 11. nov.: Totland og Berle.

25. sund. etter treein., 18. nov.: Davik og Isane.

For 100 år sidan. Døde: 4. okt. 1834 Susanne Olsdr. Dommestein, kårkone, 69 år. 29. okt. Hans Pedersen Hamre, kårmann, 89 år. 9. okt. John Pedersen yttre Nore, 36 år. 17. okt. Lisebeth Jacobsdr. Vingen, 63 år. — 5. oktober 1834 overtok den nye soknepresten Gabriel Joakim Lund embetet. Han var fødd på Lyngdal prestegård i Kristiansand stift 14. mars 1801.

Kvittering for kontingent: Johs. Sunde, Ane Bøen, Oskar Hestevik, Marta Elde, Marie Hunskaar, Jørgen Berle, fru Menzies 3 kr. — Alfred Haugland, Johannes Nore 5. — Robert Nygård, Ras-

mine K. Isene, Reiel Endal, Lars Runshaug, Jesper Henøen, Lars Nygård, Østen Holmen, Karl Nygård, M. Ødegård, Jørgen Skarstein, Martine Lofnes 2. — Marie Nymoen, Balsfjord 1. — Nils K. Hamnen, Petrine Hamnen, lærar Hunskaar, Olaf Hessevåg, Olaf Nave 2.50. — Sogni Hunskaar 1.75. Kristen Ytrehaug 4.

Hjarteleg takk til alle.

Vitnemål.

2. David Livingstone, den namngjetne Afrika-reisande, tala ein gong med ein officer som hadde hatt mykje å lida for sine vonde fiendar skuld. »Det er ute med meg,« sa han. Då svara L. ålvorsamt: »Ute med deg? Det skulde ingen seia som har Gud ved si side.« Han syntte officeren nokre arr som han hadde på eine armen etter klørne åt ein løve og fortalde: Ein negerby vart herja forferdeleg av ein gamal blodgirug løve. Eg vilde hjelpa folki der. Saman med nokre negerar fann eg løven og skaut på han. Dessverre — kula berre såra han, han kom farande imot meg og slo meg til marki. Negrane sprang sin veg. Eg såg inn i dei rasande augo åt dyret og kjende den heite pusten frå gapet på andlitet. Då var det etter all menneskjetanke ute med meg, og eg hadde berre ein pinefull død å venta. Då var det ein av negrane som lyfte byrsa som um han vilde skyta på løven. Straks hivde den seg over han og såra han og likeins ein annan som freista verja seg med eit spjot, so løven tilslutt seig iivlaus saman på grunn av blodtapet. Soleis vart eg berga, og difor veit eg at ein kan vera komen i løveklør og likevel treng det ikkje um å vera ute med ein. Gud kan hjelpa då og.

Da en engang sa: »Nu har jeg i årevis vist denne person kjærlighet og søkt å fordra alt; men der er dog ikke kommet nogen blivende frukt derav, — da hevet Stockmayer advarende sin finger og sa: »Ingen spekulasjon i en slik sak. Man viser kjærlighet for Herrens skyld, men ikke for å vinne noget derved.«

*

Spurgeon sa engang: »Lange bønner og lange prekenes slukker ilden ut, istedetfor å tenne den.« Han hadde rett. La oss forsøke å fatte oss kort, når vi er sammen til møte. Men la oss ikke være stumme.